

Treng verje til gutane på Stølen.

17.06.2016



Vigdis Gammelsæther, fagkoordinator for bufellesskap for unge flyktninger, oppfordra folk til å mælda seg som verje.

**Rundt 1.august flyttar 5 einslege mindreårige flyktningar inn i bufellesskapet på Stølen. Gutane er 13-15 år og har flykta åleine frå Afghanistan. Når dei kjem til oss, har dei rett på verje i og med at dei er under 18 år. På informasjonsmøtet i Aktivitetshuset førre torsdag oppfordra Vigdis Gammelsæther folk om å mælda seg som verje.**

Verje skal ivareta gutane sine interesser og handla på deira vegne i formucessaker sidan dei ikkje har nådd myndighetsalder. Dei er også rettsleg representant for dei alle samanhengar.

- Det er Fylkesmannen som har ansvar for å rekruttera verje, men ein kan sjølv mælda seg som interessert til å bli det, sa Vigdis Gammelsæthe mellom anna då ho oppfordra folk til å mælda seg som verje. Ho sa også at det var ei mykje betre løysing at desse gutane får eit lokalt verje enn ein advokat i Bergen som ofte vert tilfelle.

Dersom ein har spørsmål, er det berre å ta kontakt med enten Fylkesmannen sitt kontor, eller med Vigdis Gammelsæther.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland